

Innspel til handlingsplanen for norsk fagspråk i akademia

Presentasjon av NIKU

Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) er eit forskingsinstitutt drive som ei privat stifting på kulturmiljøfeltet. Vi sorterer under Klima- og miljødepartementet. Vi utfører oppdrag og forskning på felt som arkeologi, kunstkonservering, historisk bygningsmasse, forvaltning og bruk av kulturminne og -miljø og offentleg planlegging. Våre oppdragsgjevarar er særleg offentleg forvaltning. Vi publiserer ca 50 forskingsartiklar i året, samt at vi er offensive formidlarar. Dei fleste som arbeider i NIKU er norske statsborgarar, men vi har også eit vesentleg innslag av tilsette med utanlandsk bakgrunn. Landa vi har representert i staben er Sverige, Danmark, Finland, Tyskland, Frankrike, Bulgaria, Spania, Storbritannia, Austerrike, Romania og Mexico. Av desse er det berre fire som ikkje beherskar norsk, og som difor utløyser engelsk som arbeidsspråk. Alle desse fire utkonkurrerte norske søkjarar i tilsettingsprosessar.

Utfordringar for norsk fagspråk i NIKU

Utanlandske tilsette – og norsk som arbeidsspråk

Dei viktigaste utfordringane for norsk fagspråk i NIKU er for det første tilsette som ikkje beherskar norsk så godt og som difor dei utløyser norsk som arbeidsspråk i interne prosessar. Det er ikkje ønskeleg, og dei arbeider alle fire med å tileigne seg betre norsk. Men vi kollegaer har svært lett for å kome dei i møte på engelsk. I deira eiga forskning er ikkje manglande norsk eit problem, men vi ser at vi slit med å få full effekt av desse arbeidstakarane i oppdragsverksemd mot offentlege oppdragsgjevarar. I dei tilfella der dei *har* slike oppdrag mot forvaltninga, medfører dette faktisk at dei også vrid oppdragspråket over til norsk – i dei tilfella oppdragsgjevarane opnar for dette. Desse fire flinke forskarane fører altså til at vår samhandling og dialog med forvaltninga i nokre tilfelle blir gjennomført på engelsk.

Engelsk som internasjonalt forskningsspråk

Den andre utfordringa for det norske fagspråket i NIKU, gjeld vitenskapleg publisering. Det er ikkje til å kome frå at dei mest prestisjefulle kanalane også på våre fagfelt er engelskspråklege. Eit fleirtal av våre vitenskaplege publikasjonar kjem ut på engelsk. Det kan føre til at den vitenskaplege terminologien er engelsk og blir utvikla på engelsk, og vi har døme der norsk terminologi manglar eller er mindre kjent. Dette er svært uheldig fordi vi på den eine sida arbeider med forskning – og på den andre sida skal utføre oppdrag for offentleg forvaltning på dei same fagfelta. Oppdragsverksemda vår skjer på norsk, berre unnataksvis blir det opna for engelsk (sjå ovafor). Vi er difor avhengige av at vi har god norsk terminologi på forskingsfeltet, fordi oppdragsfeltet krev det.

Å publisere på norsk gir mindre økonomisk uttelling i Forskningsrådet (resultatbasert grunnfinansiering)

Å publisere internasjonalt på engelsk blir vurdert som positivt og som eit verkemiddel for å delta i den internasjonale forskingsdialogen. Dei fleste av NIKUs publikasjonar kjem ut på engelsk. Men som eit anvendt forskingsinstitutt, der forskinga vår bør ha tydeleg relevans og interesse for det norske samfunnet, kan dei internasjonale

publiseringskanalane oppfattast som obskure. Artiklar vi får publisert i norskspråklege tidsskrift som *Kart og Plan*, *Fortidsminneforeningens årbok*, *Heimen* eller *Primitive tider* treff i større grad våre primære målgrupper. Dette er eit dilemma for eit anvendt institutt på humaniora- og samfunnsfagfeltet. Vi blir vurdert på basis av våre teljande publikasjonar, men har reelt sett større gjennomslag i samfunnet med norskspråklege publikasjonar. Desse publikasjonane gir lågare utteljing for å utløyse den resultatbaserte delen av grunnfinansieringa vår.

Kva tiltak kan vere aktuell for å styrkje norsk fagspråk?

Standardarbeid

I lys av dei utfordringane vi har peikt på ovafor, er standardarbeid eit relevant tiltak for å syte for at norsk fagspråk finst. NIKU har arbeidd med å etablere norske fagstandardar på ulike felt over fleire år, og vi meiner det er eit svært målretta tiltak for å styrkje norsk fagspråk.

Intensive, rimelege språkkurs i norsk akademisk språk

Våre utanlandske forskarar opplever både at språkkurs er kostbare i Noreg, og at dei ikkje heilt treff det behovet dei har. Å målrette rimeleg opplæring av utanlandske arbeidstakarar med tilpassa kurstilbod er eit viktig verkemiddel for at dei skal fungere på norsk raskast mogleg. Vår erfaring er at det likevel er store individuelle forskjellar her, og incitamentet for på lære seg norsk ikkje er like høgt for dei som likevel berre arbeider på engelsk i si forking.

Å auke prestisjen og utteljinga ved å publisere i norskspråklege tidsskrift

Det er svært uheldig at premieringa ved å publisere på engelsk ofte er høgare enn ved å publisere på norsk. Ei målretta satsing for å få dei norskspråklege tidsskrifta opp på nivå 2, hadde vore ønskeleg. Andre støtteordningar for norskspråklege tidsskrift kunne også tenkjast, t.d. å støtte opent tilgjenge for slike tidsskrift. For oss som skal produsere anvendt forskning med stor grad av samfunnsrelevans, er det viktig å få utteljing for faktisk å publisere på norsk til dei prioriterte målgruppene.